

Mandat og samansetning for teknisk berekningsutval

Bakgrunn

Noreg er etter Klimakonvensjonen (UNFCCC) forplikta til å etablere eit utsleppsrekneskap og årleg rapportere dei nasjonale klimagassutsleppa etter kjelde, samt opptaket av klimagassar. Statistikk for utslepp til luft i Noreg er utarbeidd av SSB med bidrag frå Miljødirektoratet. Rekneskapen blir rapportert og revidert etter internasjonal metodikk. Klimagassrekneskapen under Klimakonvensjonen skal gi eit fullstendig bilete av netto utslepp og opptak i det einskilte land, for alle sektorar. Miljødirektoratet har ansvar for Noregs rapportering til Klimakonvensjonen og til Kyotoprotokollen, og gjer dette gjennom eit formalisert samarbeid med SSB og NIBIO. NIBIO er ansvarleg for statistikk knytt til skog og landareal.

Jordbruket sine utslepp blir ført i ulike sektorrekneskap, mellom anna jordbrukssektoren, arealsektoren, transportsektoren og byggsektoren. Bruk av fossile energikjelder, fyringsolje til oppvarming, transport og liknande blir til dømes ikkje rapportert i tilknytning til rekneskapen for jordbruk, men høyrer inn under andre sektorar i klimagassrekneskapen. Det er i hovudsak utslepp knytt til metan og lystgass som blir rekna inn i jordbrukssektoren sitt rekneskap. I rekneskapen for "Skog og andre landareal" (LULUCF) blir det rapportert opptak og utslepp av klimagassar frå arealkategoriane beite, bygd areal, anna utmark, dyrka mark, skog, vatn og myr og karbonlagring i treprodukt.

Noreg si rapportering og metodikken ho bygger på, er i tråd med krava i Klimakonvensjonen. I *Landbruk og klimaendringar*, rapport frå arbeidsgruppe, peiker ein jamvel på at det er ei utfordring å få synt fram næringa sine samla utslepp og bidrag i klimaarbeidet, sidan det berre er metan og lystgass som blir rekna inn i og gjort synleg i jordbrukssektoren sitt eige rekneskap. I rapporten blir det òg peika på at det er ei særskilt utfordring at endringar som blir gjennomførte på gardsnivå ikkje nødvendigvis blir fanga opp i dei modellane som ligg til grunn for resultatberekningane.

Som ei oppfølging av klimarapporten blei partane i jordbruksoppgjeret 2016 einige om å nedsette eit utval med deltaking frå styresmaktene, jordbrukssektoren, SSB og andre fagekspertar/forskarar, for å sjå nærare på korleis utslippsrekneskapen samla kan vidareutviklast og synleggjerast betre, jf. Prop. 133 S (2015-2016) og Meld. St. 11 (2016-2017).

Innhald og avgrensing

Teknisk berekningsutval for klimagassutslepp i jordbruket får ei verketid frå 9.11.2017 til 1.7.2019. Utvalet skal gi fagleg råd om korleis eksisterande berekningar av utslepp og rapporteringsrutinar knytt til utsleppsrekneskapen eventuelt kan forbetras. Utvalet skal sjå nærare på metodar for korleis jordbruket sitt samla utsleppsrekneskap kan vidareutviklast og synleggjerast betre:

- Med utgangspunkt i Noreg sitt utsleppsrekneskap og retningslinjer for rapportering av Noregs utslepp av klimagassar til FNs klimakonvensjon, skal utvalet stille saman utslepp frå ulike kjelder i jordbruksnæringa, inkludert utslepp og opptak knytt til arealbruk

- Avdekke kunnskapshol, arbeide for å skaffe fram ny kunnskap og å gi faglege råd som kan bidra til betre kvalitet i klimagassrekneskap relatert til jordbruket.
- Skaffe betre kunnskap om kva som påverkar dei ulike elementa i modellberekningane.
- Bidra til at ny kunnskap kan forbetre modellberekningane, og som gir best mogeleg rapportering på klimagassutslepp innanfor FN's klimakonvensjon sin ramme.
- Vurdere norsk statistikk i rekneskapen for utslepp, mellom anna å sjå på samanhengen mellom faktiske endringar i aktivitet og målte resultat.
- Hente inn kunnskap om korleis andre land fører klimagassrekneskapen for jordbrukssektoren.

Resultata som kjem fram skal bidra til betre kunnskap om korleis klimautslepp og –opptak i norsk jordbruk heng saman, og dermed bidra til at tiltak som skal gjennomførast er kostnadseffektive og basert på best mogleg kunnskap. Det er viktig at ny kunnskap som kjem fram, raskt når ut til både styresmakter og næringsaktørar.

Utvalet skal gjennomføre minimum to møte kvart år.

Utvalet skal avlevere delrapportar før jordbruksoppgjera, etter nærare avtale. Utvalet skal kome med ein sluttrapport 1.7.2019.

Utvalet får følgende samansetning:

Leiar	Steffen Kallbekken, forskingsleiar, Cicero
LMD	Steinar Helgen (vara Line Meinert Rød)
KLD	Erlend Estenstad (vara Marte Nordseth)
FIN	Per Skjeflo (vara ikkje avklara)
Norges Bondelag	Ane Hansdatter Kismul (vara Bjørn Gimming)
Norsk Bonde- og Småbrukarlag	Elin Bergerud (vara Thomas Cottis)
Felles representant NB/NBS	Arne Lofthus (vara Anne Thorine Brotke)
3 ekspertar	Thomas Kätterer (SLU, Sverige) Elin Økstad (Miljødirektoratet) Cathrine Hagem (SSB), med vara Ivar Gaasland, (BI Handelshøyskolen)

I tillegg skal ulike forskingsmiljø trekkast inn i utvalets arbeid etter behov.

Ved samansetning av utvalet er krav om minst 40 pst av kvart kjønn ivareteke.

Utvalet sitt sekretariat vert samansett av representantar frå Landbruksdirektoratet, Miljødirektoratet. Statistisk sentralbyrå (SSB) og NIBIO inviterast til å delta i sekretariatet. Sekretariatet skal leiast av Miljødirektoratet.

Sekretariatet får følgende samansetning:

Leiar: Maria Kvalevåg (Miljødirektoratet)

Medlemmar: Britta Hoem (Miljødirektoratet), Jon Magnar Haugen (Landbruksdirektoratet), Gunnhild Søgaaard (NIBIO, Rasmus Astrup mens Søgaaard er i permisjon) og Bjart Holtsmark (SSB).